

# Marit Silje Årnes Husabø

---

Emne: Opprop om framtida til forsvaret

Fra: Alfred Bjørlo [<mailto:Alfred.Bjorlo@eid.kommune.no>]

Sendt: tysdag 7. februar 2017 07:57

Kopi: Eid kommune <[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)>

Emne: Opprop om framtida til forsvaret

Nordfjordeid, 7. februar 2017

Til alle landets ordførarar

I samband med vedtak av Langtidsplanen for Forsvaret på Stortinget i haust sende alle ordførarane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal eit felles opprop til Stortinget om framtida til Heimevernet. Vi understreka der kor viktig det er å sikre eit sterkt forsvar over heile landet som del av samfunnsberedskapen både i krig og fredstid.

I vedtaket av ny Langtidsplan for Forsvaret i desember, utsette Stortinget spørsmålet om framtidig organisering av Landforsvaret (Hær og Heimevern). Det vart i staden sett i gang ei stor fagleg utgreiing av saka i regi av Forsvarssjefen (Landmaktutredninga), som så skal leggast fram for Stortinget som del av statsbudsjettet for 2018 (altså i oktober 2017).

Nyleg har 13 Forsvarsorganisasjonar med brei forankring over heile landet gått ut med eit tydeleg krav om at innhaldet i denne Landmaktutredninga ikkje må «leggast lokk på» til Statsbudsjettet, men bli offentleggjort og bli gjenstand for offentleg debatt og innspel når ho er ferdig frå Forsvarssjefen si side i vår.

For oss som kommunar er dette svært viktig – ikkje minst på grunn av Heimevernet si heilt avgjerande rolle i lokalt beredskapsarbeid i dag, slik norske kommunar er pålagt gjennom lov å ha ansvar for. Det er også urovekkande signal om at Heimevernet allereie er i ferd med å bli bygd ned i 2017 – før Landmaktutredninga er avslutta og politisk behandla.

Eg vonar difor flest mulig av landets ordførarar kan slutte seg til vedlagt brev til Forsvarsdepartementet med krav om openheit og innsyn i prosessen om framtida for Landforsvaret i Noreg (vedlagt Word-fil). Har også til orientering lagt ved brevet som allereie er sendt om saka frå dei 13 forsvarsorganisasjonane (pdf-fil). Initiativet kjem no i første omgang frå oss 7 Venstre-ordførarane i landet, men vi vonar dette kan bli eit opprop med brei politisk og geografisk støtte før det blir sendt inn til Forsvarsministeren.

Brevet er utforma i ein nøktern stil med fokus på saka, og er ikkje meint å ha «politisk slagside» utover å understreke kor viktig det er frå ein kommunal ståstad med eit sterkt landforsvar med lokal forankring over heile landet.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål!

Beste helsing

Alfred Bjørlo

Ordførar Eid kommune

Tlf: +47 480 82 652

Epost: [alfred.bjorlo@eid.kommune.no](mailto:alfred.bjorlo@eid.kommune.no)

Rådhusvn 11, 6770 Nordfjordeid

